

Fjord1



RAPPORT FOR FJERDE KVARTAL

26. Februar 2021



Om Fjord1

Målet til Fjord1 er å vere den tryggaste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg og påliteleg transport til kundane, oppdragsgjevarane og samarbeidspartnarane våre.


Fjord1 er ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden. I tillegg til passasjerbåttenester driv selskapet verksemd innanfor catering og turisme.

Kompetente tilsette gjer Fjord1 til ei føregangsbedrift når det gjeld tryggleik, innovasjon, teknologi og miljø.

Fjord1 investerer i låg- og nullutsleppsteknologi og elektrifisering av norske fjordsamband.

Fjord1 er notert under tickeren FJORD på Oslo Børs.

Oversikt over ferjekontraktar 2021



Verdiane våre reflekterer kven vi er og korleis vi arbeider.



Godt humør



Opne og ærlege



Påliteleg – vi held det vi lover



Lønnsam



Samhandling og teamånd



Stolt


Les meir på www.fjord1.no

Hovudpunkt frå fjerde kvartal


Solid inntektsauke under heile pandemien

- Fjord1 har halde fram med trygg og ansvarleg drift under heile koronapandemien. Selskapet har teke godt vare på tryggleiken til dei tilsette, kundar og leverandørar, og har oppfylt ansvaret som leverandør av kritisk transportinfrastruktur i kyst-Noreg
- Inntekta i fjerde kvartal kom på 826 millionar NOK. Det er ein auke på 20 prosent i forhold til same kvartal året før, og er eit resultat av dei nye kontraktane som starta opp 1. januar 2020, og justering av ferjeindeksen i fjerde kvartal
- EBITDA kom på totalt 266 millionar NOK i fjerde kvartal, noko som er ein auke på 67 prosent i forhold til same periode året før. Samstundes auka EBITDA-marginen frå 23 til 32 prosent. Positiv utvikling i EBITDA-margin reflekterer lågare driftskostnader, lågare diesel kostnader er årsaka til den utviklinga.
- Inntektene for heile 2020 var på 3 118 millionar NOK. Det er 14 prosent meir enn resultatet ved utgangen av 2019. EBITDA auka med 27 prosent til 1 042 millionar NOK, og EBITDA-marginen steig frå 30 til 33 prosent
- I fjerde kvartal var investeringane på 103 millionar NOK, og det vart motteke 31 millionar NOK i NOx-kompensasjon. For heile 2020 kom investeringane på 1 428 millionar NOK
- Netto renteberande gjeld (NIBD) låg per 31. desember på 5 503 millionar NOK – 265 millionar NOK mindre enn ved utgangen av tredje kvartal
- Porteføljen av langtidskontraktar, til ein verdi av 24,1 milliardar NOK, kombinert med lovande langtidssutsikter innanfor økoturisme, gir eit solid grunnlag for vidare utvikling av Fjord1

Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA (%)



NIBD (millionar NOK) og NIBD/EBITDA



Justert NIBD/EBITDA er i samsvar med den kontraktsfesta retten til å justere NIBD i takt med oppstarten av tilhøyrande kontraktar

Stabil drift

Trass i at drifta vart sterkt påverka av Covid-19-pandemien i 2020, har kontraktstrukturen avgrensa den økonomiske effekten for **ferje- og passasjerbåtsegmenta**. **Cateringsegmentet** har hatt ein sterk nedgang i inntekter, men dette har vorte balansert av kostnadsutt som har gjort det mogleg å halde driftsmarginane på same nivå. Verksemda i **turismesegmentet** vart stoppa i midten av mars, og kom sakte i gong att først langt ut i andre kvartal. Den innanlandske trafikken vog opp for redusert internasjonal turisme i juli, men kapasitetsutnyttinga har vore låg etter sommarferien.

2020 var for Fjord1 eit oppstartsår med auka kapasitet, oppstart av fleire nye ferjekontraktar, fullføring av flåtefornyinga og vidare elektrifisering av flåten. Elektrisitet utgjorde om lag 40 prosent av drivstoffbruken ved utgangen av 2020, noko som gjer Fjord1 til eitt av dei mest miljøvennlege ferjeselskapa i verda.

Selskapet står fast ved langtidsstrategien om å vere ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden, og skal tilby kundane trygg, påliteleg og miljøvennleg transport. Fjord1 har ein langtidsportefølje av kontraktar til ein verdi av 24,1 milliardar NOK – indeksregulering ikkje medrekna – og ser framleis spennande langtidsutsikter innan økoturisme, trass i vanskelege økonomiske tider i marknaden.

Ferje

I fjerde kvartal fall talet på passasjerar til 3,2 millionar, noko som er 22 prosent færre enn same periode året før. Koronarelaterte reiserestriksjonar er hovudårsaka til dette. Talet på transporterte køyretøy fall til 1,7 millionar i fjerde kvartal, noko som er 23 prosent færre enn året før. For heile 2020 fall talet på passasjerar med 19 prosent samanlikna med 2019, til 15,7 millionar. Talet på transporterte køyretøy fall med 14 prosent til 8,5 millionar, trass i oppstart av nye ruter.

Som påpeikt i tidlegare rapportar i 2020, er fleirtalet av kontraktane til Fjord1 baserte på kapasitet og tal på avgangar snarare enn passasjertal, og dette gjer at inntektene i ferjesegmentet i stor grad er skjerma mot endringar i trafikkvolum. Inntektene auka med 24 prosent i fjerde kvartal og med 18 prosent for heile 2020, medan EBITDA auka med 65 prosent i fjerde kvartal og med 32 prosent for heile 2020. Inntektsauken kjem i all hovudsak av flåteekspansjonen i 2020 og positiv justering av ferjeindeksen i fjerde kvartal, medan auka EBITDA også kjem av lågare driftskostnader for nye elektriske fartøy.

Passasjerbåtar

Inntektene frå passasjerbåtane til Fjord1 er på same måte som i ferjesegmentet uavhengige av trafikkvolum, og lågare passasjertal grunna Covid-19 har difor avgrensa økonomiske konsekvensar. Grunna årlege justeringar av kontraktprisar auka inntektene med 1 prosent i fjerde kvartal og 5 prosent for heile 2020.

Catering

Dei økonomiske konsekvensane av Covid-19 har vore langt meir merkbare i cateringsegmentet, der servicetilbodet har blitt monaleg kutta. Inntektene fall med 44 prosent i fjerde kvartal, og med 37 prosent for heile 2020. Fjord1 har likevel lukkast med å justere bemanning og kostnader slik at det samsvarer med reduksjonen i inntekter. Catering er dermed det segmentet som har tilpassa seg best, og har levert gode resultat trass i Covid-19. I 2020 låg EBITDA på same nivå som året før.

Turisme

Turismesegmentet har blitt hardt råka av Covid-19-restriksjonane. Inntektene reflekterer hovudsakeleg konsoliderte leasinginntekta. Dette heldt seg stabilt samanlikna med fjerde kvartal 2019 og økte med 22 prosent for hele året som følge av et høgare aktiva. Det positive nettoresultatet på tilknytte verksemdar på 7 millionar kroner gjenspeiler en kontantstøtte frå den norske regjeringa for å dekke inntektstap på grunn av Covid-19.

Nøkkeltal (millionar NOK)

Resultat	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Sum inntekter	825,8	689,4	3 117,8	2 723,8
Sum driftskostnader	(568,5)	(512,3)	(2 066,8)	(1 907,2)
Del av overskot/(tap) frå felleskontrollerte og tilknytte verksemder	8,4	(18,5)	(9,0)	2,5
EBITDA	265,8	158,6	1 041,9	819,1
EBITDA-margin (%)	32 %	23 %	33 %	30 %
Sum avskrivningar og nedskrivningar	(153,5)	(117,4)	(550,6)	(421,9)
Driftsresultat (EBIT)	112,4	41,3	491,3	395,9
Netto finansinntekt/(kostnader)	(65,2)	(72,0)	(284,5)	(138,1)
Resultat før skatt	47,2	(30,7)	206,8	253,1
Skatt (kostnader)/inntekt	(8,2)	13,3	(43,4)	(43,9)
Resultat for perioden	38,9	(17,4)	163,5	209,2

Balanse	31.12.20	31.12.19
<i>Eigedelar</i>		
Anleggsmiddel	9 187,0	8 123,2
Omlaupsmiddel, ekskl. kontantar	750,3	633,0
Bankinnskot, kontantar og liknande	401,8	484,1
Sum eigedelar	10 339,2	9 240,2
<i>Eigenkapital og gjeld</i>		
Sum eigenkapital	2 427,0	2 269,7
Långsiktig gjeld	5 892,8	4 911,6
Kortsiktig gjeld	2 019,3	2 058,9
Sum eigenkapital og gjeld	10 339,2	9 240,2
Soliditet %	23 %	25 %
Avkasting på eigenkapital (12 månader rullerande) (%)	5,3 %	9,5 %
NIBD	5 503,2	4 892,1
NIBD/EBITDA (12 månader rullerande)	5,3	6,0

Kontantstrøm	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Netto likviditetsendring frå verksemda	391,7	(124,7)	906,9	323,6
Netto likvidar frå investeringar	(105,2)	(1 041,6)	(1 434,7)	(2 358,9)
Netto likviditetsendring frå finansiering	(89,9)	1 175,9	445,5	2 246,8
Netto endring i likvidar	196,7	9,5	(82,2)	211,6
Kontantar og bankinnskot ved periodeslutt	401,8	484,1	401,8	484,1

Finansresultat	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Del av overskot/(tap), felleskontrollerte og tilknytte verksemder	(20,4)	(0,6)	(42,0)	31,5
Renteinntekter	0,7	1,2	2,5	2,6
Rentekostnader	(44,6)	(48,1)	(214,9)	(150,0)
Andre finanspostar, netto	(1,0)	(24,4)	(30,1)	(22,2)
Finansresultat	(65,2)	(72,0)	(284,5)	(138,1)

Gruppe- og segmentoversikt

Fjord1-konsernet hadde i fjerde kvartal 2020 ei samla inntekt på 826 millionar NOK, noko som er ein auke på 20 prosent i forhold til fjerde kvartal i 2019. Driftskostnadene auka med 8 prosent, og difor auka EBITDA med 67 prosent til 266 millionar NOK. For heile 2020 auka den samla inntekta med 14 prosent til 3 118 millionar NOK, medan EBITDA steig med 27 prosent til 1 042 millionar NOK. Utbygginga og fornyinga av flåten, kombinert med investeringane i elektrifisering av ferjedrifta, har gitt høgare avskrivningar og netto finanskostnader. Driftsresultatet (EBIT) auka likevel til 112 millionar NOK i fjerde kvartal og 491 millionar NOK for heile 2020, samanlikna med høvesvis 41,3 millionar NOK og 397 millionar NOK i same periode året før.

Fjord1-konsernet har fire rapportsegment: **Ferje, Passasjerbåtar, Catering og Turisme**. Størst av desse er Ferje.

Ferje


Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Driftsinntekt	776	626	2 881	2 445
EBITDA	243	147	976	740
<i>EBITDA-margin</i>	<i>31 %</i>	<i>24 %</i>	<i>34 %</i>	<i>30 %</i>
EBIT	103	57	484	378
<i>EBIT-margin</i>	<i>13 %</i>	<i>9 %</i>	<i>17 %</i>	<i>15 %</i>


Inntekta i ferjesegmentet auka med 24 prosent samanlikna med fjerde kvartal i 2019, og med 18 prosent for heile 2020. Auken i driftsinntekt er i hovudsak knytt til oppstarten 1. januar 2020 av dei nye kontraktane Indre Sunnmøre, Hordaland Rutepakke 2, Romsdalspakken og Nordmørspakken.

Ferjerutene var i normal drift i fjerde kvartal trass i auka spreiding av Covid-19 mot slutten av året. Talet på ferjeavgangar på nokre samband vart mellombels redusert tidlegare i året, i samråd med fylkeskommunane og Statens vegvesen. Fjord 1 har behalde kontraktsinntektene, samstundes som oppdragsjevarane har drege fordel av kostnadsinnsparingar. Dette gjer at dei økonomiske konsekvensane for Fjord1 har vore avgrensa.

Driftsinntekt (NOKm) og EBITDA-margin (%)



EBITDA og EBIT (NOKm)



I fjerde kvartal auka EBITDA med 65 prosent, og forbetra driftseffektivitet løfta EBITDA-marginen frå 24 til 31 prosent i forhold til same periode året før. EBITDA for heile 2020 auka med 32 prosent, medan EBITDA-marginen auka frå 30 prosent i 2019 til 34 prosent i 2020.


Med 533 millionar NOK var driftskostnadene for fjerde kvartal 54 millionar NOK høgare enn i fjerde kvartal året før. Det vart gjort ei nedskrivning på 21 millionar NOK i fjerde kvartal, som er knytt til at MF Fanafjord er definert

som held for sals. Dette forklarer auken i driftskostnader. I tillegg kjem auka bemanningskostnader grunna fleire ruter i drift.

Som omtala i rapporten for tredje kvartal 2020, gjekk nokre av elektrifiseringsprosjekta som var planlagde for 2020 over i 2021. Forseinkingane fører til seinare oppstart av meir kostnadseffektive heilelektriske ruter, seinare utbetaling av NOx-kompensasjon frå styresmaktene, og seinare betaling for infrastruktur.

Dei nye fartøya og den elektriske infrastrukturen fører til høgare avskrivningar, og EBIT på 103 millionar NOK i fjerde kvartal var 82 prosent høgare enn i fjerde kvartal året før. EBIT for heile 2020 auka med 28 prosent til 484 millionar NOK.

Oversikt over ferjekontraktar 2020–2033




*Personbilkvivalent (PBE) (million). **Fjord1 er innstilt som operatør, kontrakt vil bli signert.

Den aktuelle kontraktporteføljen – medrekna dei tre passasjerbåtane, men ikkje opsjonar og indeksregulering – har ein verdi på rundt 24,1 milliardar NOK.

Leveringa av MF Stangvikfjord i august markerte fullføringa av flåtefornyingsprogrammet for oppstart i 2017–2020. I januar 2021 fekk vi den første av tre fartøy som er ombygde frå LNG til hybrid-elektrisk frå verftet i Florø. Dei to andre skal etter planen leverast i første kvartal i år. Fjord1 har også eit nytt elektrisk fartøy under konstruksjon i Tyrkia.

Tal på ferjer og drivstoffblanding



Passasjerbåtar

Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)


	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Driftsinntekt	29	29	120	115
Tilknytte verksemder	1	1	6	2
EBITDA*	17	27	64	56
<i>EBITDA-margin ekskl. tilknytte verksemder</i>	<i>54 %</i>	<i>89 %</i>	<i>49 %</i>	<i>47 %</i>
EBIT	5	2	13	2
<i>EBIT-margin ekskl. tilknytte verksemder</i>	<i>12 %</i>	<i>3 %</i>	<i>5 %</i>	<i>0 %</i>

*EBITDA inkl. tilknytte verksemder


Inntektene i passasjerbåtsegmentet var stabile i fjerde kvartal frå 2019 til 2020, og auka med 4 prosent for heile 2020. EBITDA fall likevel med 20 millionar NOK i fjerde kvartal, noko som kjem av lågare bidrag frå eiga verksemd i like stor grad som det kjem av svakare resultat i tilknytte verksemder.

EBITDA og EBIT for heile 2020 var meir eller mindre uendra frå året før. Betre resultat i eiga verksemd jamna ut tapa til tilknytte verksemder.

Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA-margin (%)



EBITDA og EBIT (NOKm)



I Sogn og Fjordane driv Fjord1 per i dag 15 hurtigbåtruter ved hjelp av tre sjøleigde fartøy og ti fartøy som er leigde på kontrakt ut 2022. Selskapet eig også 49 prosent av Partsrederiet Kystekspresen ANS, som driv ei hurtigbåtrute frå Kristiansund til Trondheim.

Catering

Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)


	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Driftsinntekt	17	31	85	135
EBITDA	(0)	4	10	15
<i>EBITDA-margin</i>	<i>(1 %)</i>	<i>12 %</i>	<i>12 %</i>	<i>11 %</i>
EBIT	(1)	2	7	11
<i>EBIT-margin</i>	<i>(6 %)</i>	<i>8 %</i>	<i>9 %</i>	<i>8 %</i>

Inntektene i cateringsegmentet fall med 44 prosent i fjerde kvartal og med 37 prosent for heile 2020. Dette kjem av eit redusert servicetilbod som følgje av Covid-19, og låge passasjertal i første halvår. Dei bemanna kafeteriaene var stengde gjennom nesten heile andre kvartal, men opna gradvis opp att i løpet av sommaren. Likevel har sjølvbeteningsløysingane fått ei større rolle.


Selskapet har sett i verk fleire kostnadskutt for å kompensere for tap av inntekt, og har lukkast i å justere bemanninga og kostnadsnivået slik at det samsvarer med den lågare aktiviteten og inntektsreduksjonen. Dette har dempa dei økonomiske konsekvensane, men cateringverksemda har likevel noko dårlegare resultat for både fjerde kvartal og for heile 2020.

EBITDA fall til 0 millionar NOK i fjerde kvartal, frå 4 millionar NOK i same periode året før. Det skjedde ein sekvensiell reduksjon frå høysesongen i tredje kvartal. EBITDA for heile året fall til 10 millionar NOK frå 15 millionar NOK i 2019.

Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA-margin (%)



EBITDA og EBIT (NOKm)



Turisme

Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Driftsinntekt	3	2	22	18
Tilknytte verksemder	7	(20)	(15)	0,4
EBITDA*	6	(22)	(16)	0,3
<i>EBITDA-margin</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>
EBIT	6	(22)	(18)	(1)
<i>EBIT-margin</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>	<i>i.m.</i>

*EBITDA inkl. tilknytte verksemder. I og med at inntektene i segmentet først og fremst kjem frå tilknytte selskap, gir det lita meining å sjå på EBITDA- og EBIT-marginar

Turismesegmentet vart også i stor grad påverka av Covid-19 i 2020, med restriksjonar på både internasjonale og innanlands reiser store delar av året. Verksemdene måtte stenge ned i midten av mars, og heldt i hovudsak stengd fram til juni. Sjølv om aktiviteten tok seg opp i juli, fall etterspurnaden att etter sommarferien.


Inntektene er i hovudsak konsoliderte inntekter frå fartøyleige. Desse inntektene heldt seg stabile samanlikna med fjerde kvartal året før, og auka med 22 prosent for heile året som følgje av høgare aktivabase.

Det positive nettoresultatet på 7 millionar NOK frå tilknytte verksemder kjem av ein kontantstøtte mottatt frå regjeringa for å dekke inntektstap knyta til Covid-19.

Aktivitetane til Fjord1 blir utførte både gjennom heil- og deleigde verksemder, der tilknytte verksemder står for ein vesentleg del av den samla eksponeringa. Med hybridfartøyet «Vision of the Fjords» og det heilelektriske fartøyet «Future of the Fjords» som flaggskip, står Fjord1 i spissen for utviklinga av miljøvennleg turisme på og rundt fjordane på Vestlandet. Begge fartøy høyrer til selskapet The Fjords, som Fjord1 har ein eigardel på 50 prosent i.

Det er no lågsesong i turismesegmentet, og fokuset ligg på evaluering og planlegging av 2021-sesongen, for å sikre at verksemda er så godt tilpassa endringane i marknaden som mogleg.

Driftsinntekt og EBITDA (NOKm)



Konsolidert resultatregneskap

Resultat (millionar NOK)	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Sum inntekter	825,8	689,4	3 117,8	2 723,8
Sum driftskostnader	(568,5)	(512,3)	(2 066,8)	(1 907,2)
Del av overskot/(tap) frå felleskontrollerte og tilknytte verksemder	8,4	(18,5)	(9,0)	2,5
EBITDA	265,8	158,6	1 041,7	819,1
EBITDA-margin (%)	32 %	23 %	33 %	30 %
Sum avskrivningar og nedskrivningar	(153,5)	(117,4)	(550,6)	(421,9)
Driftsresultat (EBIT)	112,4	41,3	491,3	395,9
Netto finansinntekt/(kostnader)	(65,2)	(72,0)	(284,5)	(138,1)
Resultat før skatt	47,2	(30,7)	206,8	253,1
Skatt (kostnader)/inntekt	(8,2)	13,3	(43,4)	(43,9)
Resultat for perioden	38,9	(17,4)	163,5	209,2

Driftsinntekt og driftsoverskot

I fjerde kvartal rapporterte Fjord1 ei driftsinntekt på 826 millionar NOK, noko som er ein auke på 20 prosent samanlikna med same periode året før. Auken frå 2019 til 2020 er i hovudsak eit resultat av oppstarten av nye kontraktar 1. januar 2020, og justering av ferjeindeksen i fjerde kvartal. Inntektene for heile 2020 auka med 14 prosent til 3 118 millionar NOK.

Driftsutgiftene auka med 11 prosent til 569 millionar NOK i fjerde kvartal. Det vart gjort ei nedskrivning på 21 millionar NOK, relatert til MF Fanafjord som er klassifisert som for sal. Dette forklarar auken i driftskostnader. I tillegg kjem høgare personalkostnader, som skuldast auken i talet på ruter i drift.

Driftskostnadene for heile 2020 kom på 2 067 millionar NOK, noko som er ein auke på 8 prosent i forhold til 2019.

Kostnadsutviklinga framover vil avhenge av når dei pågåande elektrifiseringsprosjekta blir ferdige, og av når dei heilelektriske rutene som vart utsette til 2021 startar opp. Når desse prosjekta er ferdige, forventar selskapet at kostnadene stabiliserer seg på eit lågare nivå.

Felleskontrollerte og tilknytte verksemder medverka positivt til resultatata i fjerde kvartal, som vart reflektert ved kontantstøtta mottatt frå regjeringa for å dekke inntektstap knyta til Covid-19.

Rapportert EBITDA kom i fjerde kvartal på 266 millionar NOK, og dette svarer til ein auke på 67 prosent på årsbasis. EBITDA-marginen gjekk såleis opp frå 23 prosent i fjerde kvartal 2019 til 32 prosent no. I heile 2020 auka EBITDA med 27 prosent til 1 042 millionar NOK.

Det omfattande investeringsprogrammet dei siste åra har auka aktivabasen. Avskrivninga var 31 prosent høgare enn i fjerde kvartal i 2019, og auka med 42 prosent for heile 2020. Dette førte til at driftsoverskotet (EBIT) auka med 172 prosent til 112 millionar NOK i fjerde kvartal, og med 24 prosent til 491 millionar NOK for heile året.

Finansresultat

Finansresultat (millionar NOK)	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Del av overskot/(tap), felleskontrollerte og tilknytte verksemder	(20,4)	(0,6)	(42,0)	31,5
Renteinntekter	0,7	1,2	2,5	2,6
Renteutgifter	(44,6)	(48,1)	(214,9)	(150,0)
Andre finanspostar, netto	(1,0)	(24,4)	(30,1)	(22,2)
Finansresultat	(65,2)	(72,0)	(284,5)	(138,1)

Overskot og tap i felleskontrollerte og tilknytte verksemdar viser til aksjeposten på 34 prosent som selskapet har i WF Holding AS. Sistnemnde eig 100 prosent av Widerøes Flyveselskap AS. Covid-19-reiserestriksjonane har hatt ein negativ effekt på resultatet til Widerøe.

Renteutgiftene var på same nivå som i fjerde kvartal året før. Dei auka renteutgiftene for heile 2020 viser auka gjeld grunna investeringar i nye elektriske fartøy, kaier og annan infrastruktur som krevst for å oppfylle ferjekontraktane til selskapet. Størsteparten av investeringane i kaier og annan landbasert infrastruktur vil bli kompensert anten gjennom sal av infrastruktur til kommunane ved ferdigstilling eller ved betalingar i løpet av kontraksperioden.

Resultat

Fjord1 hadde eit overskot på 47,2 million NOK før skatt i fjerde kvartal og 159 millionar NOK for heile 2020. Til samanlikning hadde selskapet eit tap på 31 millionar NOK i fjerde kvartal året før, og eit overskot på 253 millionar NOK for heile 2019.

Skatt utgjorde 8,2 millionar NOK i fjerde kvartal og 43 millionar NOK for heile 2020. Dette gav eit netto overskot på 39 millionar NOK i kvartalet og eit netto overskot på 163 millionar NOK for heile 2020. Til samanlikning hadde selskapet eit netto tap på 17 millionar NOK i fjerde kvartal året før og eit netto overskot på 209 millionar NOK for heile 2019.

Overskot per aksje på ordinært og fullt utvatna grunnlag var 0,39 NOK i fjerde kvartal og 1,63 NOK for heile 2020. I dei same periodane året før var overskotet høvesvis -0,17 NOK og 2,09 NOK.

Konsolidert balanse

Eigedelar (millionar NOK)	31.12.2020	31.12.2019
Anleggsmiddel	9 187,0	8 123,2
Omlaufsmiddel, ekskl. kontantar	750,3	633,0
Bankinnskot, kontantar og liknande	401,8	484,1
Sum eigedelar	10 339,2	9 240,2

At summen av eigedelar auka med 10 prosent i løpet av fjoråret, skuldast i hovudsak ein auke i anleggsmiddel i samband med levering av nye ferjer, investeringar i nybygg og aktiverte investeringar i landbasert infrastruktur.

MF Fanafjord står oppført i balansen under noverande eigedelar, som ein eigedel som er til sals. Ferja har ein verdi på 156 millionar NOK etter ei nedskrivning på 21 millionar NOK i fjerde kvartal.

Eigenkapital og gjeld (millionar NOK)	31.12.2020	31.12.2019
Sum eigenkapital	2 427,0	2 269,7
Langsiktig gjeld	5 892,8	4 911,6
Kortsiktig gjeld	2 019,2	2 058,9
Sum eigenkapital og gjeld	10 339,2	9 240,2

Auken i samla eigenkapital er først og fremst knytt til driftsinntekta i perioden, medan auken i gjeld kjem av at investeringane i nybygging, ombygging og infrastruktur er gjeldsfinansierte. Netto renteberande gjeld var totalt 5 503 millionar NOK ved utgangen av året, noko som var ein nedgang frå 5 768 millionar NOK ved utgangen av tredje kvartal 2020.

Konsolidert kontantstrøm

Kontantstrøm (millionar NOK)	Q4 2020	Q4 2019	REKNESKAPSÅRET 2020	REKNESKAPSÅRET 2019
Netto likviditetsendring frå verksemda	391,7	(124,7)	906,9	323,6
Netto likvidar frå investeringar	(105,2)	(1 041,6)	(1 434,7)	(2 358,9)
Netto likviditetsendring frå finansiering	(89,9)	1 175,9	445,5	2 246,8
Netto endring i likvidar	196,7	9,5	(82,2)	211,6
Kontantar og bankinnskott ved perioodeslutt	401,8	484,1	401,8	484,1

Kontantstrømmen frå driftsaktivitetar auka til 392 millionar NOK frå 125 millionar NOK i fjerde kvartal året før. Dette viser både høgare kontantinntening grunna nye kontraktar og ei positiv endring i netto arbeidskapital. For heile 2020 auka kontantstrømmen frå driftsaktivitetar frå 324 millionar NOK i 2019 til 907 millionar NOK.

Nettokontantstrømmen til investeringsaktivitetar fall frå 1 042 millionar NOK i fjerde kvartal i 2019 til 105 millionar NOK i fjerde kvartal i 2020. Dette er nettotalet av dei 31 millionar NOK som vart motteke i NOx-kompensasjon i fjerde kvartal 2020. Netto kapitalutgiftsnivå er venta å falle, ettersom alle dei nye ferjene er leverte og arbeidet med å elektrifisere den landbaserte infrastrukturen nærmar seg slutten.

Den negative kontantstrømmen frå finansieringsaktivitetar i fjerde kvartal skuldast i hovudsak tilbakebetaling av lån.

Finansiering

Fjord1 har vore gjennom ein utvidingsfase med monalege kapitalutgifter i samband med nybygging av fartøy, ombygging av eksisterande fartøy og investeringar i kaier og annan landbasert infrastruktur. Desse investeringane er avgjerande for omlegginga frå fossilt drivstoff til null- og lågutsleppsdrivstoff.

Fjord1 har finansiert investeringsprogrammet gjennom ein kombinasjon av banklån og obligasjon. Netto renteberande gjeld (NIBD) utgjorde 5 503 millionar NOK ved utgangen av 2020.

Lånefasiliteten til selskapet er 6 395 millionar NOK. Av desse er det brukt 6 063 millionar NOK, inkludert garantiar. I 2018 skreiv Fjord1 ut ein usikra obligasjon på 1 000 millionar NOK med ei kupongrente på 4,96 prosent som modnar i 2022.

Selskapet har ein kontraktsfesta rett til kompensasjon for størstedelen av investeringane i infrastruktur, anten gjennom sal av infrastruktur til kommunane ved ferdigstilling, eller gjennom utbetalingar i løpet av kontraktsperioden. Trass i at infrastrukturen blir gradvis kompensert for, krev rekneskapsprinsippa at verdien av retten som Fjord1 har til å bruke infrastrukturen, kjem fram i balansen og blir avskriven i løpet av kontraktsperioden. Banklånavtalane til Fjord1 har blitt endra for å ta høgde for desse rekneskapsprinsippa i utrekninga av den kontraktsfesta eigenkapitaldelen på 22,5 prosent.

Den kontraktsfesta eigenkapitaldelen på 22,5 prosent i selskapet sin obligasjon vart i juni 2020 forlenga med eitt år fram til slutten av første halvår 2021. Sjå Note 8 for nærare detaljar om lån.

Per 31. desember 2020 hadde Fjord1 samla framtidige kapitalforpliktingar på om lag 237 millionar NOK knytt til bygging av nye fartøy, og framtidige kapitalforpliktingar på om lag 299 millionar NOK for kaier og annan infrastruktur på land.

Viktige hendingar etter utgangen av rapporteringsperioden

12. februar kunngjorde Fjord1 at selskapet er innstilt som vinnar av kontrakten for å drifte dei to sambanda Bognes–Skarberget og Drag–Kjøpsvik i Nordland. Klagefristen gjekk ut 25. februar, og forventata dato for underskriving av kontrakt er kort tid etter dette. Kontrakten er for perioden 01.12.2022 til 30.11.2032, med opsjon om forlenging med 18 månader.

Aksjeinformasjon

Per 31. desember 2020 hadde Fjord1 ASA 100 millionar utskrivne aksjar, fordelt på 1 773 aksjeeigarar. Fjord1 eigde 90 402 tilbakekjøpte aksjar. Dette er uendra sidan førre kvartal og svarer til 0,09 prosent av alle uteståande aksjar.

I fjerde kvartal varierte prisen på Fjord1-aksjen frå 42,60 NOK til 43,80 NOK. Sluttpriisen 31. desember var 43,00 NOK, kontra 36,60 NOK ved utgangen av 2019 og 45,60 NOK ved utgangen av tredje kvartal.

Totalt 0,9 millionar aksjar, eller 0,9 prosent av heile den uteståande delen, vart kjøpte og selde i perioden. Aksjeomsetninga var på totalt 36,9 millionar NOK dette kvartalet, med ei gjennomsnittleg dagleg omsetning på om lag 0,6 millionar NOK.

Etter kjøp av aksjar i andre kvartal kontrollerer Havila Holding AS og det amerikanske investeringselskapet Vision Ridge Partners no 85 prosent av aksjekapitalen. Havila og Vision Ridge har kunngjort å ville kjøpe ut dei resterande aksjonærane i Fjord1 på liknande vilkår. Dersom eit slikt tilbod blir lagt fram og godteke, kan Fjord1 eventuelt bli teke av Oslo Børs.

Risiko og usikkerheit

Som skildra i årsrapporten for 2019, er Fjord1 utsett for ulike typar drifts- og marknadsrisikoar, og økonomiske risikoar. Dei offentlege tiltaka for å stagge Covid-19-pandemien, og dei forventata økonomiske konsekvensane av desse, har framheva risikoane for selskapet gjennom heile 2020.

Fjord1 har i denne situasjonen vareteke tryggleiken til både tilsette og kundar, og oppfylt ansvaret som leverandør av samfunnskritisk transportinfrastruktur. Selskapet har heldt fram med normal drift, sjølv om omfanget av ferje- og passasjerbåttenestene er mellombels redusert etter ønskje frå dei offentlege oppdragsgevarane. Dei langsiktige kontraktane med fylkeskommunane og Statens vegvesen er i hovudsak baserte på kapasitet og avgangar snarare enn faktisk trafikkvolum. Dette inneber at inntektsstraumen berre i lita grad blir påverka av volumreduksjonen som dei noverande reiserestriksjonane medfører.

Tiltaka som regjeringa har vedteke for å bremse spreinga av Covid-19, har også påverka framdrifta i landbaserte infrastrukturprosjekt som er nødvendige for å elektrifisere flåten. Eit døme er installasjonen av ladetårn på kaiene, som krev personale frå internasjonale leverandørar. Forseinkingane i arbeidet med å ferdigstille den elektrifiserte infrastrukturen inneber at også NOx-kompensasjonen for fartøya, dei offentlege infrastrukturbetalingane og den forventata innsparinga i drivstoffkostnader let vente på seg. Vidare restriksjonar kan føre til ytterlegare forseinkingar.

Som nemnt i årsrapporten for 2019, har Fjord1 òg vore utsett for risiko knytt til leveransar av fartøy. Likevel fullførte selskapet flåtefornyingsprogrammet for 2017–2020 etter ei siste levering i august.

Flåtefornyinga og elektrifisering av infrastruktur har medført store investeringar for selskapet dei siste åra. No er derimot netto renteberande gjeld på veg ned, med 5 503 millionar NOK i fjerde kvartal, etter ein topp på 5 848 millionar NOK ved utgangen av første kvartal i 2020. Sal av infrastrukturprosjekt og utbetaling av offentlege middel knytt til elektrifiseringsprosessen var venta å redusere den renteberande gjelda i 2020. Forseinkingar i denne prosessen la press på minstekravet til eigenkapitaldel i selskapet sine bank- og finansieringsordningar, sjølv om både banken og obligasjonseigarane var samde i justeringar i låneavtalane som reduserte risikoen for avtalebrot.

Verksemda i dei mindre catering- og turismesegmenta er hardt råka av Covid-19-situasjonen, men selskapet har i stor grad greidd å justere aktivitets- og kostnadsnivået til gjeldande etterspurnad i cateringsegmentet.

Sjølv om verksemda i cateringsegmentet er venta å ta seg opp når restriksjonane blir oppheva, kan det hende situasjonen har ført til ei meir permanent endring i handlevanane til forbrukarane.

Utvikling i turismesegmentet vil avhenge av at reiserestriksjonane blir løfta både innanlands og utanlands, og at normale reisemønster tek seg opp att. Saman med felleskontrollerte og tilknytte selskap følgjer Fjord1 nøye med på situasjonen, og forsøker å dempe dei negative konsekvensane ved å endre på tilbodet og rette det meir mot ei norsk målgruppe. Fjord1 kjenner seg trygg på dei langsiktige utsiktene til dei økovenlege turismekonseptane.

For andre risikofaktorar, sjå årsrapporten for 2019.

Framtidsutsikter

Fjord1 trur at det også i framtida vil vere stort behov for trygg, miljøvennleg og påliteleg transport i kystregionane. Vi vurderer kontinuerleg nye anbod og andre moglegheiter både i og utanfor Noreg. Selskapet sin kontraktsporfølje, til ein verdi av 24,1 milliardar NOK – opsjonar og indeksregulering ikkje medrekna – gjeld ut 2033, og gir ei solid plattform for lønnsam vekst.

Det var venta at nye ferjeruter ville generere ein inntektsauke på 10–15 prosent i 2020, og selskapet avslutta året med ein inntektsauke på 14 prosent. Nye og oppgraderte fartøy førte også til forbetra EBITDA-marginar, medan tilsvarande høgare avskrivningar genererte stabile EBIT-marginar for heile 2020.

Det er venta ein meir moderat inntektsauke i 2021, der kostnadsforbetringar framleis er med på å oppretthalde driftsmarginane. Netto renteberande gjeld vil bli redusert som eit resultat av positiv kontantstraum frå driftsaktivitetar, lågare investeringar og sal av infrastrukturaktiva. Det vil igjen føre til auka forteneste før skatt, og auka nettoforteneste.

KONSOLIDERT KONSERNREKNESKAP
IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1000	NOTE	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Salsinntekt	3,4,12	821 446	685 126	3 086 160	2 662 750	2 662 750
Anna driftsinntekt	3,4	4 402	4 300	31 611	61 066	61 066
Sum driftsinntekt		825 848	689 426	3 117 771	2 723 816	2 723 816
Vare- og drivstoffkostnader	3	(91 982)	(111 990)	(404 143)	(448 891)	(448 891)
Løn og sosiale kostnader	3	(292 280)	(242 865)	(1 096 041)	(994 061)	(994 061)
Andre driftskostnader	3,13	(184 194)	(157 431)	(566 647)	(464 290)	(465 568)
Sum driftskostnader		(568 457)	(512 286)	(2 066 831)	(1 907 242)	(1 908 519)
Del av overskot/(tap) frå tilknytte verksemder	3	8 430	(18 495)	(9 026)	2 550	2 550
Driftsresultat før avskrivningar og nedskrivningar (EBITDA)		265 821	158 644	1 041 914	819 124	817 846
Ordinære avskrivningar	5,13	(138 374)	(117 656)	(525 807)	(436 621)	(419 344)
(Nedskrivning)/attføring av tidlegare nedskrivning	5	(15 090)	299	(24 799)	14 720	(2 557)
Sum avskrivningar og nedskrivningar		(153 464)	(117 357)	(550 605)	(421 901)	(421 901)
Driftsresultat (EBIT)		112 357	41 287	491 308	397 223	395 945
Del av overskot/(tap) frå andre tilknytte verksemder		(20 357)	(580)	(41 958)	31 534	26 629
Renteinntekt		731	1 156	2 514	2 616	2 616
Rentekostnad		(44 619)	(48 094)	(214 897)	(150 049)	(168 002)
Andre finansposter, netto	10	(951)	(24 444)	(30 127)	(22 176)	(4 223)
Netto finansinntekter/(kostnader)		(65 197)	(71 962)	(284 468)	(138 074)	(142 980)
Ordinært resultat før skatt		47 160	(30 674)	206 840	259 147	252 965
Skattekostnad på ordinært resultat	9	(8 244)	13 263	(43 374)	(43 861)	(43 861)
Resultat i perioden		38 916	(17 411)	163 466	215 287	209 104
Del av resultat:						
Eigarane av morselskap		38 921	(17 412)	162 986	214 789	208 607
Minoritetsinteressar		(5)	(1)	481	496	497
Resultat per aksje (NOK)	7	0,39	(0,17)	1,63	2,15	2,09
Utvatna resultat per aksje (NOK)	7	0,39	(0,17)	1,63	2,15	2,09

*Basert på vekta gjennomsnitt av uteståande aksjar. Sjå note 7 og 15 for informasjon om resultat per aksje og aksjekapital.

OPPSTILLING AV TOTALRESULTAT
IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1 000	NOTE	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Resultat i perioden		38 916	-17 411	163 466	215 287	209 104
Andre inntekter og kostnader						
<i>Postar som kan verte omklassifisert til resultatrekneskapen:</i>						
Del av utvida resultat for tilknytt verksemd bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden - etter skatt		(4 985)	15 677	(1 813)	15 677	2 826
Estimatavvik i pensjonsforpliktingar - etter skatt		(3 397)	19 969	(4 300)	(744)	(744)
Sum		(8 382)	35 646	(6 113)	14 933	2 082
Sum andre inntekter og kostnader etter skatt		(8 382)	35 646	(6 113)	14 933	2 082
Totalresultat		30 534	18 235	157 353	230 221	211 186
<i>Del av resultat:</i>						
Eigarane av morselskap		30 539	18 236	156 872	229 724	210 690
Minoritetsinteresser		(5)	(1)	481	496	497

KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING

IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1000	NOTE	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2019
EIGEDELAR				
Anleggsmiddel				
Utsett skattefordel	9	166 593	72	37 399
Skip og andre varige driftsmiddel	5	8 491 947	7 559 294	7 559 294
Bruksrettar	13	87 067	40 354	40 354
Investeringar i tilknytt og felleskontrollert verksemd	14	436 506	500 066	481 455
Andre langsiktige egedelar	2	4 895	3 816	4 671
Sum anleggsmiddel		9 187 008	8 103 602	8 123 174
Omlaufsmiddel				
Varer		20 204	22 457	22 457
Finansielle derivat	2	-	-	-
Kundefordringar	2	309 429	139 162	139 162
Andre kortsiktige fordringar	2	264 345	293 970	293 970
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	401 836	484 081	484 081
		995 814	939 670	939 669
Eigedelar for sal	5	156 340	177 372	177 372
Sum omlaufsmiddel		1 152 154	1 117 042	1 117 041
Sum eigedelar		10 339 162	9 220 644	9 240 216
EIGENKAPITAL OG GJELD				
Eigenkapital til eigarane av morselskap				
Aksjekapital	15	250 000	250 000	250 000
Overkurs		360 924	360 924	360 924
Eigne aksjar		(3 617)	(4 894)	(3 617)
Opptent eigenkapital		1 814 481	1 676 643	1 657 612
Sum eigenkapital til eigarane av morselskap		2 421 788	2 282 673	2 264 918
Minoritetsinteresser		5 226	4 745	4 745
Sum eigenkapital		2 427 014	2 287 418	2 269 663
Langsiktig gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar	2,8	4 747 106	4 179 391	4 179 391
Finansielle derivat	2	6 890	6 829	6 829
Langsiktige leigeforpliktingar	13	24 518	9 050	9 050
Pensjonsforpliktingar		32 289	13 104	13 104
Anna langsiktig gjeld		335 391	127 476	127 476
Utsett skatt	9	746 639	538 471	575 798
Sum langsiktig gjeld		5 892 832	4 874 320	4 911 649
Kortsiktig gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar	2,8	1 157 972	1 196 796	1 196 796
Finansielle derivat	2	1 175	1 274	1 274
Kortsiktige leigeforpliktingar	13	64 255	31 490	31 490
Leverandørgjeld	2	146 923	202 521	202 521
Betalbar skatt	9	617	664	664
Skuldige offentlege avgifter		102 128	107 186	107 186
Anna kortsiktig gjeld	2	546 245	518 976	518 973
Sum kortsiktig gjeld		2 019 315	2 058 907	2 058 904
Sum gjeld		7 912 148	6 933 227	6 970 553
Sum eigenkapital og gjeld		10 339 162	9 220 644	9 240 216

ENDRINGAR I EIGENKAPITALEN IKKJE REVIDERT

Eigarane av morselskapet

BELØP I NOK 1000	Aksje- kapital	Overkurs	Eigne aksjar	Opptent eigenkapital	Sum	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2019	250 000	360 924	(2 079)	1 716 796	2 325 641	5 795	2 331 436
Årsresultat	-	-	-	208 608	208 608	497	209 105
Andre inntekter og kostnader i perioden	-	-	-	2 082	2 082	-	2 082
Utvida resultat	-	-	-	210 690	210 690	497	211 186
Kjøp av egne aksjar	-	-	(1 537)	-	(1 537)	-	(1 537)
Utbetalt utbytte	-	-	-	(269 874)	(269 874)	(1 548)	(271 422)
Anna bidrag til eigarar	-	-	-	-	-	-	-
Transaksjonar med eigarar	-	-	(1 537)	(269 874)	(271 411)	(1 548)	(272 959)
Eigenkapital 31.12.2019	250 000	360 924	(3 616)	1 657 612	2 264 919	4 745	2 269 663
Eigenkapital 01.01.2020	250 000	360 924	(3 616)	1 657 612	2 264 919	4 745	2 269 663
Periodens resultat	-	-	-	162 986	162 986	481	163 466
Andre inntekter og kostnader i perioden	-	-	-	(6 113)	(6 113)	-	(6 113)
Utvida resultat	-	-	-	156 872	156 872	481	157 353
Kjøp av egne aksjar	-	-	-	-	-	-	-
Utbetalt utbytte	-	-	-	-	-	-	-
Anna bidrag til eigarar	-	-	-	-	-	-	-
Transaksjonar med eigarar	-	-	-	-	-	-	-
Eigenkapital 31.12.2020	250 000	360 924	(3 616)	1 814 481	2 421 788	5 226	2 427 014

KONSOLIDERT KONTANTSTRAUM IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1000	NOTE	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Kontantstrøm frå verksemda						
Resultat før skatt		47 160	(30 674)	206 840	259 147	252 965
Korrigering av resultatpostar utan effekt på likviditeten:						
Avskrivningar og nedskrivningar	5,13	153 464	117 357	550 606	438 133	421 901
Netto rentekostnader		43 889	46 938	212 383	147 433	165 386
Endring i verkeleg verdi av finansielle instrument	2	(7 312)	15 155	(38)	28 703	28 703
Endring i verkeleg verdi av eigedelar for sal		21 032	-	21 032	-	-
Endring i pensjonsforpliktingar		27 194	(21 718)	19 184	(10 159)	(10 159)
(Vinst)/tap ved sal av eigedelar		3 025	(2 257)	2 826	(4 267)	(4 267)
(Vinst)/tap ved realisasjon av aksjar		-	-	-	(31 103)	(31 103)
Resultat frå investering i tilknytt verksemd		11 927	19 075	50 985	(34 084)	(29 178)
Arbeidskapitaljusteringar:						
Kundefordringar	2	(8 590)	(39 325)	(170 267)	(42 632)	(42 632)
Varer		789	(1 542)	2 253	1 640	1 641
Leverandørgjeld	2	(21 995)	(81 560)	(55 597)	(83 228)	(83 228)
Andre tidsavgrensningspostar		121 362	(23 240)	266 550	(269 776)	(125 883)
Kontantstrøm generert frå verksemda		391 945	(1 791)	1 106 756	399 808	544 146
Betalte renter		(4 324)	(94 032)	(198 797)	(128 878)	(146 832)
Betalt skatt		4 111	(28 909)	(1 044)	(73 676)	(73 676)
Netto likviditetsendring frå verksemda		391 732	(124 732)	906 915	197 254	323 637
Likvidar tilført/brukt på investeringar						
Investeringar i varige driftsmiddel	5	(103 168)	(1 019 182)	(1 427 915)	(2 399 132)	(2 399 132)
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar		-	(4 000)	(10 000)	(38 696)	(38 696)
Innbetaling av utbytte frå tilknytt verksemd		-	(288)	2 151	11 742	11 742
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		(2 062)	(17 635)	1 298	63 153	63 153
Netto innbetaling fra langsiktige eigedelar		49	(543)	(225)	4 059	4 059
Netto likviditetsendring frå investeringar		(105 180)	(1 041 648)	(1 434 690)	(2 358 875)	(2 358 875)
Likvidar tilført/brukt på finansiering						
Innbetaling frå lån	8	-	1 435 288	1 210 506	2 042 306	2 042 306
Nedbetaling av lån	8	(73 630)	(27 012)	(700 126)	(236 211)	(236 211)
Nedbetaling av leigeforpliktingar	13	(16 250)	(19 427)	(64 852)	(65 410)	(65 410)
Kjøp av egne aksjar		-	480	-	(2 815)	(1 537)
Utbetalt utbytte		-	-	-	(271 237)	(271 422)
Innbetaling frå kortsiktige lån		-	200 000	-	1 320 000	1 320 000
Tilbakebetaling av kortsiktige lån		-	(540 900)	-	(540 900)	(540 900)
Innbetaling frå andre langsiktige lån		-	127 476	-	127 476	-
Netto likviditetsendring frå finansiering		(89 879)	1 175 905	445 528	2 373 209	2 246 827
Netto endring i likvidar i året		196 673	9 525	(82 248)	211 588	211 589
Kontantar og bankinnskot ved periodestart		205 163	474 556	484 081	272 492	272 492
Kontantar og bankinnskot ved periodeslutt		401 837	484 080	401 836	484 081	484 081

GENERELL INFORMASJON

Fjord1 ASA og tilhøyrande dotterselskap (Konsernet) driftar passasjerferjer og andre passasjerbåtar i Noreg. Konsernet si kjerneverksemd er konsentrert rundt sjøtransport gjennom drifta av ferjer og ekspressbåtar, i tillegg til cateringverksemd om bord i båtane.

Fjord1 ASA er registrert og driv si verksemd i Noreg. Adressa til verksemda sitt hovudkontor er Strandavegen 15, 6900 Florø, Noreg.

Denne forenkla delårsrekneskapen vart godkjent av styret i Fjord1 ASA den 25. februar 2021.

Kvartalsrekneskapen har ikkje vore revidert.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING

Delårsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IAS 34 "Delårsrapportering". Delårsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon og burde derfor lesast i samband med konsernrekneskapen for 2019 som er utarbeida i samsvar med IFRS.

VIDARE DRIFT

Konsernet har lagt til grunn vidare drift i utarbeidinga av delårsrekneskapen. Leiinga har vurdert all tilgjengeleg informasjon om framtida når dei har vurdert vidare drift, medrekna informasjon knytt til kontantstraum frå eksisterande ferjekontraktar og andre tenestekontraktar, avdrag på gjeld og forpliktingar knytt til nybyggskontraktar. Prognosane har tatt høgde for forventa framtidig inntekt frå egedelar under tilverking. Basert på desse føresetnadane har leiinga ei fornuftig forventning om at konsernet har tilstrekkelege ressursar til å halde fram med verksemda i overskødeleg framtid.

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskapsprinsippa er dei same som for konsernrekneskapen for føregåande år forutan at skattekostnad vert innrekna kvart kvartal ved bruk av forventa vekta gjennomsnittleg årleg skattesats for heile rekneskapsåret. Skattekostnad på inntekter i delårsperioden vert akkumulert ved bruk at ein skattesats som ville vore rimeleg for forventa årleg resultat.

BRUK AV ESTIMAT

Utarbeidinga av delårsrekneskap krev at leiinga utarbeidar vurderingar, estimat og føresetnader som påverkar bruken av rekneskapsreglar og bokførte beløp av egedelar, gjeld, inntekt og

kostnader. Faktisk resultat kan avvike frå desse estimata.

I utarbeidinga av delårsrekneskapen har dei vesentlege vurderingane frå leiinga ved bruk av rekneskapsprinsippa og hovudkjeldene for estimatusikkerheit vore dei same som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av konsernrekneskapen for 2019, forutan skattekostnad og pensjonsforpliktingar.

Skattekostnad og utsett skatt vert kalkulert ved å bruke eit estimat på ein effektiv skattesats, mens i årsrekneskapen vert skattekostnad og utsett skatt kalkulert basert på faktiske skattesatsar.

Noverdi av pensjonsforpliktinga og verkeleg verdi av pensjonsmidlar ved utgangen av kvartalet vert estimert ved å ekstrapolere dei siste tilgjengelege aktuarberekningane. I konsernrekneskapen er dei same postane berekna ved bruk av oppdaterte aktuarberekningar.

NOTE 2 FINANSIELL RISIKOSTYRING OG FINANSIELLE INSTRUMENT

Delårsrekneskapen inneheld ikkje all informasjon knytt til finansiell risikostyring og presentasjon av finansielle instrument som det er krav om i årsrekneskapen.

FINANSIELLE EIGEDELAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Finansielle egedelar til amortisert kost		
Kundefordringar og andre fordringar	573 774	433 132
Lån til tilsette	105	216
Andre langsiktige fordringar	503	169
Kontantar og kontantekvivalenter	401 836	484 081
Finansielle egedelar til verkeleg verdi over utvida resultat (FVOCI)	-	-
Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)	4 287	4 272
Derivat		
Brukt til sikring	-	-
Haldt for sal (FVPL)	-	-
Sum	980 504	921 869

FINANSIELL GJELD

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Forplikingar til amortisert kost		
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld *	693 168	860 834
Renteberande gjeld	5 905 078	5 376 187
Leigeforplikingar **	88 774	40 540
Derivat		
Brukt til sikring	-	-
Haldt for sal (FVPL)	8 065	8 103
Sum	6 695 085	6 285 664

*Ekskludert ikkje-finansielle forplikingar.

**Sjå note 13.

Den maksimale eksponeringa for kredittrisiko ved utgangen av rapporteringsperioden er det bokførte beløpet for kvar kategori av finansielle egedelar som nemnt ovanfor.

FINANSIELLE EIGEDELAR TIL VERKELEG VERDI OVER RESULTATET

Klassifisering av finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet

Konsernet klassifiserer følgjande finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL):

- gjeldsinvesteringar som ikkje kvalifiserer til måling til amortisert kost eller FVOCI
- eigenkapitalinvesteringar som ikkje er heldt for sal
- eigenkapitalinnskot for pensjonsplanmedlemsskap
- eigenkapitalinvesteringar der konsernet har valt å ikkje innrekne endringar i verkeleg verdi over OCI

Finansielle egedelar som må målast til verkeleg verdi over resultatet inkluderer følgjande:

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Langsiktige egedelar		
Unoterte aksjar	855	840
Kapitalinnskot i KLP	3 432	3 432
Sum langsiktige egedelar	4 287	4 272
Sum	4 287	4 272

INNREKNING TIL VERKELEG VERDI

(i) Hierarki for verkeleg verdi

Dette avsnittet tek for seg vurderingane og estimat som er gjort for å bestemme den verkelege verdien av finansielle instrument som er innrekna til verkeleg verdi i konsernrekneskapen. For å gje ein indikasjon av pålitelegheita av informasjonen som er lagt til grunn for berekningane av verkeleg verdi, har konsernet klassifisert dei finansielle instrumenta i tre nivå som skildra i rekneskapsstandardane. Ei forklaring av kvart nivå følgjer under tabellane.

PERIODISK MÅLING TIL VERKELEG VERDI	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
31.12.2020	NOK 1000	NOK 1000	NOK 1000	NOK 1000
Finansielle egedelar				
Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)				
Unoterte aksjar	-	-	855	855
Kapitalinnskot i KLP	-	-	3 432	3 432
Sum finansielle egedelar	-	-	4 287	4 287
Finansielle forpliktingar				
Derivat				
Haldt for sal	-	8 065	-	8 065
Sum finansielle forpliktingar	-	8 065	-	8 065

PERIODISK MÅLING TIL VERKELEG VERDI	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
31.12.2019	NOK 1000	NOK 1000	NOK 1000	NOK 1000
Finansielle egedelar				
Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)				
Unoterte aksjar	-	-	840	840
Kapitalinnskot i KLP	-	-	3 432	3 432
Derivat				
Haldt for sal	-	-	-	-
Sum finansielle egedelar	-	-	4 272	4 272
Finansielle forpliktingar				
Derivat				
Haldt for sal	-	8 103	-	8 103
Sum finansielle forpliktingar	-	8 103	-	8 103

Nivå 1: Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive handelsmarknader (som aksjar, eigenkapitalbevis og pengemarknadsfond) er basert på noterte kursar eller prisar ved slutten av

rapporteringsperioden. Marknadskursen som vert lagt til grunn for dei finansielle eigedelane er kjøparkursen. Instrumenta beskrive ovanfor er inkludert i nivå 1.

Nivå 2: Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert omsett på ein aktiv handelsmarknad vert fastsett ved bruk av den verdsettingsteknikken som maksimerer bruk av observerbar marknadsdata, og som er minst mogleg avhengig av einingsspesifikke estimat. Om all vesentleg naudsynt informasjon for å fastsette verkeleg verdi av eit instrument er observerbar, vert instrumentet inkludert i nivå 2.

Nivå 3: Om all eller noko av den vesentlege informasjonen som ligg til grunn for verdsettinga ikkje er basert på observerbar marknadsdata, vert instrumentet inkludert i nivå 3. Dette er tilfellet for alle unoterte aksjar.

(ii) Verdsettingsmetodar for å fastsette verkeleg verdi

Verdsettingsmetodar nytta for å fastsette verdien av finansielle instrument inkluderer:

- Bruk av noterte marknadsprisar eller meklarprisar for liknande instrument
- Verkeleg verdi av rentebytteavtalar, valutaterminkontraktar og bunkerderivat vert fastsett basert på «marknad-til-marknad» estimat framsett av eksterne meklarar
- Verkeleg verdi av resterande finansielle instrument vert fastsett ved diskontering av framtidig forventa kontantstrøm

Alle dei berekna verkelege verdiane vert inkludert i nivå 2, forutan unoterte aksjar og kapitalinnskott, der verkeleg verdi er basert på noverdien av diskonterte framtidige kontantstrøumar.

FASTPRISAVTALAR FOR KJØP AV STRAUM

Konsernet har inngått fastprisavtalar for kjøp av straum til eigen produksjon (ferjeverksemd). Avtalane har ei lengd på 10 år og omfattar ca. 70% av konsernet sitt estimerte forbruk per år. Avtalane er vurdert å vere omfatta av unntaket for «eige bruk» og er difor ikkje innrekna som eigedelar/gjeld i konsernrekneskapen.

For fastprisavtalar inngått med oppgjær i utanlandsk valuta er dei innebygde valutaderivata behandla etter reglane i IFRS 9 og har vorte innrekna i konsernrekneskapen med påfølgande måling til verkeleg verdi. Per 31.12.2020 var den verkelege verdien av dei innebygde derivata på NOK (8,1) millionar. Konsernet innrekna ein vinst på NOK 7,1 millionar knytt til dei innebygde derivata i fjerde kvartal 2020.

NOTE 3 SEGMENTINFORMASJON

Konsernet leverer ferje- og passasjerbåttjenester, catering og turisttenester. Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til verksemda sin øvste slutningstakar. Verksemda sin øvste slutningstakar, som er ansvarleg for allokering av ressursar og vurdering av inntening i driftssegmenta, er definert som verksemda sitt styre. Styret vurderer konsernet sine prestasjonar på grunnlag av dei ulike tenestene. Segmentprestasjon vert vurdert basert på fortjeneste eller tap og vert målt på same måte som fortjeneste eller tap i den konsoliderte rekneskapen.

Konsernet har fire rapporteringspliktige segment:

- Ferje
- Passasjerbåt
- Catering
- Turisme

Ingen driftssegment er slått saman for å danne dei rapporteringspliktige segmenta ovanfor. Finansiering (inkludert finanskostnad, finansinntekt og vinst eller tap frå del i Widerøe) og inntektsskatt vert behandla på konsernnivå og vert ikkje allokert til driftssegmenta.

FJERDE KVARTAL 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringar	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	775 514	29 467	17 124	3 008	825 113	735	825 848
Sum inntekter	775 514	29 467	17 124	3 008	825 113	735	825 848
Kostnader							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(532 602)	(13 461)	(17 299)	(3 887)	(567 249)	(1 207)	(568 456)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	1 301	-	7 130	8 430	-	8 430
EBITDA	242 912	17 307	(175)	6 251	266 294	(472)	265 822
Avskrivning	(124 529)	(12 354)	(790)	(494)	(138 168)	(207)	(138 375)
Nedskrivning	(15 090)	-	-	-	(15 090)	-	(15 090)
Segmentoverskot	103 293	4 953	(965)	5 756	113 036	(679)	112 357

HIÅ 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringar	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	3 108 116	9 655	3 117 771
Sum inntekter	2 881 207	119 973	85 339	21 596	3 108 116	9 655	3 117 771
Kostnader							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(1 905 054)	(61 379)	(74 950)	(22 291)	(2 063 674)	(3 158)	(2 066 832)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	6 314	-	(15 340)	(9 026)	-	(9 026)
EBITDA	976 153	64 908	10 390	(16 035)	1 035 416	6 497	1 041 914
Avskrivning	(467 576)	(52 225)	(3 021)	(1 526)	(524 349)	(1 457)	(525 806)
Nedskrivning	(24 799)	-	-	-	(24 799)	-	(24 799)
Segmentoverskot	483 778	12 683	7 368	(17 561)	486 268	5 039	491 308

FJERDE KVARTAL 2019

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringar	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	626 492	29 115	30 700	2 152	688 459	967	689 426
Sum inntekter	626 492	29 115	30 700	2 152	688 459	967	689 426
Kostnader							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(479 059)	(3 149)	(27 047)	(4 191)	(513 446)	1 159	(512 286)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	1 139	-	(19 634)	(18 495)	-	(18 495)
EBITDA	147 433	27 105	3 653	(21 673)	156 518	2 126	158 644
Avskrivning	(91 058)	(24 988)	(1 193)	(91)	(117 330)	(324)	(117 656)
Nedskrivning	299	-	-	-	299	-	299
Segmentoverskot	56 674	2 117	2 460	(21 764)	39 487	1 802	41 287

HIÅ 2019

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringar	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 444 602	114 665	135 276	17 827	2 712 371	11 445	2 723 816
Sum inntekter	2 444 602	114 665	135 276	17 827	2 712 371	11 445	2 723 816
Kostnader							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(1 704 579)	(61 210)	(120 701)	(17 889)	(1 904 380)	(2 862)	(1 907 242)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	2 151	-	399	2 550	-	2 550
EBITDA	740 023	55 606	14 575	337	810 541	8 583	819 123
Avskrivning	(376 349)	(53 533)	(3 868)	(1 265)	(435 015)	(1 606)	(436 621)
Nedskrivning	14 720	-	-	-	14 720	-	14 720
Segmentoverskot	378 394	2 073	10 707	(928)	390 246	6 977	397 223

Oppstilling av konsernresultatet for perioden

BELØP I NOK 1000	Q4 2020	YTD 2020	Q4 2019	YTD 2019
Segmentoverskot	112 357	491 308	41 287	397 223
Del av overskot frå anna tilknytt verksemd	(20 357)	(41 958)	(580)	31 534
Renteinntekt	731	2 514	1 156	2 616
Rentekostnad	(44 619)	(214 897)	(48 094)	(150 049)
Andre finanspostar, netto	(951)	(30 127)	(24 444)	(22 176)
Skattekostnad	(8 244)	(43 374)	13 263	(43 861)
Konsernresultat	38 916	163 466	(17 411)	215 287

NOTE 4 INNTEKTER FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har inntekter frå drift av ferjer og passasjerbåtar. Det eksisterer to typar kontraktar:

- Bruttokontraktar: Kunden tek risikoen knytt til passasjervolum. Konsernet mottok eit fast årleg prisindeksjustert vederlag. Beløpet motteke frå kvart kontraktår er avhengig av tal på planlagde reiser.
- Nettokontraktar: Konsernet tek risikoen knytt til passasjervolum og mottok eit fast vederlag frå kunden i tillegg til inntektene frå sal av billettar til passasjerar.

I cateringsegmentet vert inntektene innrekna når vara er seld.

SPESIFIKASJON AV INNTEKTER FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har inntekter frå overføring av varer og tenester over tid og på eit punkt i tid frå følgjande segment og geografiske regionar:

FJERDE KVARTAL 2020 BELØP I NOK 1000	Ferje Noreg	Passasjer- båtar Noreg	Catering Noreg	Turisme Noreg	Anna og elimineringar	Sum
Inntekt frå eksterne kundar	775 514	29 467	17 124	3 008	735	825 848
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	775 278	29 467	-	3 008	21	807 773
På eit bestemt tidspunkt	236	-	17 124	-	714	18 074

HIÅ 2020 BELØP I NOK 1000	Ferje Noreg	Passasjer- båtar Noreg	Catering Noreg	Turisme Noreg	Anna og elimineringar	Sum
Inntekt frå eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	9 654	3 117 770
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	2 881 488	119 973	-	21 596	4 889	3 027 947
På eit bestemt tidspunkt	(281)	-	85 339	-	4 765	89 823

FJERDE KVARTAL 2019 BELØP I NOK 1000	Ferje Noreg	Passasjer- båtar Noreg	Catering Noreg	Turisme Noreg	Anna og elimineringar	Sum
Inntekt frå eksterne kundar	623 013	29 116	30 700	5 631	967	689 425
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	487 983	28 544	-	-	816	517 343
På eit bestemt tidspunkt	135 031	572	30 700	5 631	151	172 085

HIÅ 2019 BELØP I NOK 1000	Ferje Noreg	Passasjer- båtar Noreg	Catering Noreg	Turisme Noreg	Anna og elimineringar	Sum
Inntekt frå eksterne kundar	2 444 602	114 665	135 276	17 827	11 445	2 723 816
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	1 807 258	112 887	-	-	3 613	517 343
På eit bestemt tidspunkt	633 866	1 778	135 276	21 305	7 833	172 085

EIGEDLAR OG FORPLIKTINGAR FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har innrekna følgande eigedlar og gjeld knytt til kontraktar med kundar:

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Kontraktsforpliktingar		
Langsiktige forpliktingar		
Langsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferje- og passasjerbåttene	335 391	127 476
Sum langsiktige kontraktsforpliktingar	335 391	127 476
Kortsiktige forpliktingar		
Kortsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferje- og passasjerbåttene	273 415	417 072
Sum kortsiktige kontraktsforpliktingar	273 415	417 072
Sum kontraktsforpliktingar	608 806	544 548

Alle kundefordringar er knytt til IFRS 15 transaksjonar.

IKKJE-OPPFYLTE LEVERINGSFORPLIKTINGAR FRÅ LANGSIKTIGE FERJEKONTRAKTAR

Følgjande tabell viser ikkje-oppfylte leveringsforpliktingar knytt til langsiktige ferjekontraktar:

BELØP I NOK 1000	2021	2022	2023	2024-2025	2026-2033	Sum
Del av transaksjonspris allokert til langsiktige ferjekontraktar	2 992 618	2 869 559	2 781 546	4 899 775	9 508 486	23 051 984

Beløpa inkluderer ikkje variable beløp eller opsjonar.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDDEL

FJERDE KVARTAL 2020

BELØP I NOK 1000	Fartøy	Periodisk vedlikehold	Bygninger, eigedom og		Infrastruktur	Infrastruktur under oppføring		Driftsløsøre, reiskap, inventar m.m.	Sum
			Fartøy under oppføring	tomt		oppføring	under oppføring		
Anskaffingskost 01.01.2020	8 799 219	444 860	523 740	173 634	35 339	484 371	218 723	10 679 886	
Tilgangar	-	76 560	1 059 668	1 323	-	276 481	13 883	1 427 915	
Overføring frå skip/infrastruktur under oppføring	1 300 243	40 600	(1 340 843)	-	402 960	(402 960)	-	-	
Avgangar	(37 986)	(9 829)	-	(1 679)	-	-	(9 274)	(58 768)	
Anskaffingskost 31.12.2020	10 061 476	552 191	242 564	173 278	438 299	357 892	223 332	12 049 033	
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	2 592 606	196 431	-	65 090	1 178	-	178 176	3 033 481	
Avskrivningar i perioden	345 201	80 681	-	8 378	16 449	-	11 176	461 885	
Avgangar	(39 741)	(6 957)	-	(313)	-	-	(3 174)	(50 185)	
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2020	2 898 066	270 155	-	73 155	17 627	-	186 178	3 445 181	
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2020	87 105	-	-	-	-	-	-	87 105	
Nedskrivningar i perioden	18 195	-	-	-	-	-	9 709	27 904	
Attføring av tidlegare nedskrivningar	(3 105)	-	-	-	-	-	-	(3 105)	
Avgangar	-	-	-	-	-	-	-	-	
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2020	102 195	-	-	-	-	-	9 709	111 904	
Bokført beløp 31.12.2020	7 061 215	282 035	242 564	100 124	420 672	357 892	27 444	8 491 947	

FJERDE KVARTAL 2019

BELØP I NOK 1000	Fartøy	Periodisk vedlikehold	Bygninger, eigedom og		Infrastruktur	Infrastruktur under oppføring		Driftsløsøre, reiskap, inventar m.m.	Sum
			Fartøy under oppføring	tomt		oppføring	under oppføring		
Anskaffingskost 01.01.2019	7 466 469	347 080	596 138	176 393	-	200 682	201 585	8 988 347	
Tilgangar	-	80 794	1 981 639	534	-	319 028	17 137	2 399 132	
Overføring frå skip/infrastruktur under oppføring	1 998 938	55 100	(2 054 038)	-	35 339	(35 339)	-	-	
Reklassifisert til haldt for sal	(384 393)	(23 947)	-	-	-	-	-	(408 340)	
Avgangar	(281 795)	(14 167)	-	(3 293)	-	-	-	(299 255)	
Anskaffingskost 31.12.2019	8 799 219	444 860	523 740	173 634	35 339	484 371	218 722	10 679 884	
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2019	2 657 450	143 078	-	56 904	-	-	167 716	3 025 148	
Avskrivningar i perioden	285 056	67 227	-	8 258	1 178	-	11 536	373 255	
Reklassifisert til haldt for sal	(122 458)	(7 730)	-	-	-	-	-	(130 188)	
Avgangar	(227 441)	(6 143)	-	(72)	-	-	(1 076)	(234 732)	
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2019	2 592 607	196 432	-	65 090	1 178	-	178 176	3 033 483	
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2019	191 468	-	-	-	-	-	-	191 468	
Nedskrivningar i perioden	67 157	-	-	-	-	-	-	67 157	
Attføring av tidlegare nedskrivningar	(65 160)	-	-	-	-	-	-	(65 160)	
Reklassifisert til haldt for sal	(100 781)	-	-	-	-	-	-	(100 781)	
Avgangar	(5 579)	-	-	-	-	-	-	(5 579)	
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2019	87 105	-	-	-	-	-	-	87 105	
Bokført beløp 31.12.2019	6 119 507	248 429	523 740	108 544	34 161	484 371	40 547	7 559 294	
Levetid	10-40 år	5 år		0-33 år	10-15 år		3-10 år		
Avskrivningsmetode	Lineær	Lineær		Lineær	Lineær		Lineær		

TILGANGAR

Tilgangar i perioden er netto med fråtrekk for motteken NO_x-støtte for nye fartøy.

I første kvartal 2020 vart MF «Florøy» levert frå Sefine og MF «Grip» frå Cemre i januar. Vidare vart MF «Bømlafjord» levert frå Havyard Ship Technology AS i februar og MF «Smøla» i mars. MF «Sildafjord» vart òg levert frå Sefine i mars.

I andre kvartal 2020 vart MF «Møringen» levert frå Havyard Ship Technology AS i juni.

I tredje kvartal 2020 vart MF «Stangvikfjord» levert frå Havyard Ship Technology AS i august.

AVGANGAR

I første kvartal 2020 vart MF «Goma» selt i februar. Vidare selde konsernet MF «Ørsta» i mars.

I tredje kvartal 2020 selde konsernet eigedomen Smedsplassen 19, 6940 Eikefjord.

I fjerde kvartal 2020 vart MF «Tingvoll» selt i oktober.

NEDSKRIVINGAR

I tredje kvartal 2020 identifiserte konsernet nedskrivingsindikatorar knytt til konsernet sitt billetteringsutstyr. Overgangen til AutoPass har redusert behovet for manuell billettering og som følge av dette har konsernet innrekna ei nedskrivning på NOK (9,7) millionar knytt til overflødig utstyr.

I fjerde kvartal 2020 har konsernet identifisert nedskrivingsindikatorar for konsernet sine fartøy. Som følge av dette er det innrekna ei netto nedskrivning på NOK (15,1) millionar.

HALDT FOR SAL

Fartøyet MF «Fanafjord» er haldt for sal per 31.12.2020. Det er gjort ei justering av verkeleg verdi på NOK (21) millionar for fartøyet i fjerde kvartal 2020.

NOTE 6 FORPLIKTINGAR

KAPITALFORPLIKTINGAR

Vesentlege kontraktstadfesta kapitalforpliktingar som ikkje er innrekna som forpliktingar i balansen har følgjande avtalte betalingsstruktur:

BELØP I NOK 1000	2020	2021	Etter 2021	Sum
Nybygg og ombyggingar	-	236 744	-	236 744
Kaianlegg og landbaserte investeringar	-	124 333	174 737	299 070
Sum	-	361 077	174 737	535 814

REPARASJON OG VEDLIKEHALD

Periodisk vedlikehald er knytt til større inspeksjons- og vedlikehaldskostnader som oppstår ved jamne intervall gjennom fartøyet si levetid, normalt kvart femte år. Derfor har konsernet forpliktingar knytt til å oppretthalde fartøyet sin operasjonelle dugleik og syte for at ein overhald lovar og reglar.

NOTE 7 RESULTAT PER AKSJE

Ordinært og utvatna resultat per aksje er det same, då det ikkje eksisterer konvertible obligasjonslån eller aksjeopsjonsplanar. Resultat per aksje er berekna ved å dele den delen av årsresultatet som er tildelt selskapet sine aksjonærar med eit vekta gjennomsnitt av tal utskrivne ordinære aksjar gjennom året.

	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Aksjonærane i Fjord1 ASA sin del av resultatet	38 920 575	(17 412 458)	162 985 504	214 788 645	208 606 653
Vekta gjennomsnittleg tal på ordinære aksjar	99 909 598	100 000 000	99 909 598	100 000 000	99 916 397
Resultat per aksje i NOK	0,39	(0,17)	1,63	2,15	2,09

NOTE 8 LÅN

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Langsiktig banklån	3 787 035	3 237 832
Langsiktig obligasjonslån	1 002 143	1 000 000
Kapitalisert etableringsgebyr	(42 072)	(58 442)
Kortsiktig banklån	1 157 972	1 196 796
Sum	5 905 079	5 376 187

Bevegelsar:

FRÅ 1. JANUAR 2020 TIL 31. DESEMBER 2020

BELØP I NOK 1000

Opningsbalanse 1. januar 2019	5 376 187
Opptak av ny gjeld	1 212 648
Gebyr	16 370
Nedbetaling av gjeld	(700 126)
Bokført beløp per 31. desember 2020	5 905 079

FRÅ 1. JANUAR 2019 TIL 31. DESEMBER 2019

BELØP I NOK 1000

Opningsbalanse 1. januar 2019	2 790 992
Opptak av ny gjeld	3 369 740
Gebyr	(7 434)
Nedbetaling av gjeld	(777 111)
Bokført beløp per 31. desember 2019	5 376 187

Banklåna er sikra ved første forfall med pant i konsernet sine fartøy. Bokført verdi på egedelane er pantsett som sikkerheit.

Konsernet skreiv ut eit obligasjonslån med ein nominell verdi på NOK 1 000 millionar den 22. november 2017. Obligasjonen vart notert på Oslo Børs i 2. kvartal 2018.

Obligasjonslånet betalar ein flytande rentekupong beståande av 3 månadars NIBOR pluss 3,5 prosent. Lånet forfell i november 2022. I juni 2020 vart kravet om eigenkapitaldel på 22,5% forlenga for perioden til og med 30. juni 2021 gjennom ei endring i føresetnadane i obligasjonslånet. Samstundes vil obligasjonslånet under dei nye føresetnadane forfalle til ein pris lik 101 prosent av den nominelle verdien.

Konsernet har i februar 2018 og i 2019 sikra kredittfasilitetar på NOK 6 395 millionar hjå DNB og Nordea der NOK 6 063 millionar av fasilitetane er nytta, inkludert garantiar.

FINANSIELLE FØRESETNADER

Dei største lånefasilitetane inneheld følgjande føresetnader/vilkår som konsernet er påkravd å overhalde:

- Ein maksimal NIBD/EBITDA* på 5,00
- Eigenkapitaldel (ratio) over 22,5%
- Kontraktvolum (NIBD/kontraktinntekt)

*Låneavtalane har ein frist for måling av dei justerte krava, noko som inneber at gjeld som kjem til i samband med investering i nye kontraktar ikkje vil bli inkludert i den justerte gjeldsmålinga før dei respektive kontraktane er starta. Etter start av ei kontrakt vert gjelda inkludert med ein aukande prosent over dei neste fire kvartala.

Obligasjonslåneavtalen inneheld følgjande finansielle føresetnader:

- Minimum eigenkapitaldel (ratio) på 22,5% for tikvartalsperioden frå 1 januar 2019 eller 25% på alle andre tidspunkt.
- Minimum likviditet på NOK 75 millionar.

NOTE 9 SKATT

Skattekostnaden i rekneskapen er innrekna basert på leiinga sitt estimat for vekta gjennomsnittleg årleg skattesats.

BELØP I NOK 1000	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Resultat før skatt	47 160	(30 674)	206 840	259 147	252 965
Skattekostnad	(8 244)	13 263	(43 374)	(43 861)	(43 861)
Gjennomsnittleg skattesats	17,5 %	43,2 %	21,0 %	16,9 %	17,3 %
Endring i utsett skatt	(8 244)	(17 397)	(170 841)	(74 521)	(61 448)
Endring i utsett skattefordel	-	14 737	129 194	14 737	18 251
Betalbar skatt	-	(664)	(617)	(664)	(664)
Justering i tidlegare års betalbare skatt	-	16 587	(1 110)	16 587	-
Skattekostnad	(8 244)	13 263	(43 374)	(43 861)	(43 861)

NOTE 10 ANDRE FINANSPOSTAR, NETTO

BELØP I NOK 1000	Q4 2020	Q4 2019	HIÅ 2020	HIÅ 2019	Heile 2019
Endring i verkeleg verdi av derivat	7 312	(15 155)	38	(29 207)	(29 207)
Vinst knytt til realisasjon av investering i aksjar	-	-	-	31 103	31 103
Vinst på valuta	3	1 260	1 904	2 913	2 914
Tap på valuta	(97)	(376)	(1 302)	(520)	(520)
Gebyr og beredskapsprovisjonar for bank- og obligasjonslån	(8 215)	(10 266)	(30 814)	(26 322)	(8 370)
Anna finansinntekt	36	550	36	908	908
Andre finanskostnader	10	(457)	10	(1 052)	(1 052)
Sum andre finanspostar, netto	(951)	(24 444)	(30 127)	(22 176)	(4 223)

RABATTKOMPENSASJON

Fjord1 ASA har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkinntekter som følge av at oppdragsgjever endrer føresetnadane for rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anbudet. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar gjennomført endeleg oppgjør frå oppdragsgjever. Utbetalingar knytt til kompensasjon som er motteke frå oppdragsgjever frå og med 2010 er difor gjeve med atterhald. Val av modell som skal leggjast til grunn for berekning av kompensasjon, vil kunne påverke det endelege kompensasjonsnivået. Dette inneber at konsernet kan få ytterlegare godtgjersle eller krav om tilbakebetaling av delar av motteken kompensasjon.

Følgjande variable vederlag har vorte innrekna:

- For perioden 2014 – 2016: NOK 375,58 millionar
- For perioden 2017 – 2018: NOK 98,22 millionar
- For perioden 2019: NOK 35,90 millionar

Per 31.12.2020 har konsernet ei fordring knytt til dei variable vederlaga på NOK 78,22 millionar. Konsernet held førebels på med forhandlingar om endeleg kompensasjon for perioden 2014 – 2019. Det variable vederlaget som har vorte innrekna er på bakgrunn av det konsernet vurderer som det mest sannsynlege beløp for inntekter og endeleg utfall frå forhandlingane kan føre til ein endeleg kompensasjon som er annleis enn det konsernet har innrekna som variabelt vederlag.

NOTE 12 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Nedanfor følger ei oversikt over transaksjonar med nærstående partar:

SAL TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000			HIÅ		Heile
Nærstående part	Relasjon	Q4 2020	2020	Q4 2019	2019
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	10 509	26 409	5 131	27 614
The Fjords Fartøy I DA	Tilknytt verksemd	-	-	105	280
The Fjords Fartøy III DA	Tilknytt verksemd	-	304	-	-
Fjord Tours Group AS	Felleskontrollert verksemd	-	-	-	4
Havyard Production & Sercie sp.z.o	Eigar	-	-	-	2
Havyard MMC AS	Eigar	-	-	-	2
Havyard Ship Technology AS	Eigar	(3 531)	1 592	-	408

KJØP FRÅ NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000			HIÅ		Heile
Nærstående part	Relasjon	Q4 2020	2020	Q4 2019	2019
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	(1 637)	(6 106)	-	-
Havyard Ship Technology AS	Eigar	-	(573 817)	(185 478)	(887 100)
New Havyard Ship Technology AS	Eigar	(4)	(526)	-	-
Havyard Group ASA	Eigar	-	-	(3)	(3)
Havyard Design & Solutions AS	Eigar	(1)	(213)	-	-
Norwegian Electric Systems AS	Eigar	(3 312)	(37 380)	12 223	(85 013)
Havila AS	Eigar	-	(104)	(5)	(45)
Havila Holding AS	Eigar	-	(33)	-	(57)

Kostnadar knytt til New Havyard Ship Technology AS, Havyard Ship Technology AS og Norwegian Electric Systems AS er i hovudsak knytt til investering i konstruksjon av nye fartøy.

FORDRINGAR/(FORPLIKTINGAR) TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000				
Nærstående part	Relasjon	31.12.2020	31.12.2019	
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	7 089	4 831	
New Havyard Ship Technology AS	Eigar	(14)	(2 744)	
Norwegian Electric Systems AS	Eigar	143	(505)	
Havyard Production & Service sp.z.o	Eigar	(30)	30	

NOTE 13 LEIGEAVTALAR**BELØP INNREKNA I KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING**

Den konsoliderte balanseoppstillinga viser følgjande beløp knytt til leigeavtalar:

BRUKSRETTAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Bruksrettar		
Bygningar	4 943	5 695
Maskiner og utstyr	2 926	422
Skip	79 198	34 237
Sum bruksrettar	87 067	40 354

LEIGEFORPLIKTINGAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2020	31.12.2019
Leigeforpliktingar		
Kortsiktige	64 255	31 490
Langsiktige	24 518	9 050
Sum leigeforpliktingar	88 774	40 540

Tilgangar av bruksrettar i fjerde kvartal 2020 var på NOK 0,32 millionar.

BELØP INNREKNA I KONSOLIDERT RESULTATREKNESKAP

Den konsoliderte resultatrekneskapen viser følgjande beløp knytt til leigeavtalar:

BELØP I NOK 1000	Q4 2020	Q4 2019
Avskrivning av bruksrettar		
Bygningar	2 769	2 810
Maskiner og utstyr	1 000	507
Skip	60 152	60 853
Sum avskrivning av bruksrettar	63 922	64 170
Rentekostnader	2 451	1 648
Kostnader knytt til kortsiktige leigeavtalar	1 846	480
Kostnader knytt til leigeavtalar med låg verdi	1 707	1 252
Kostnader knytt til variable leigebetalingar som ikkje er inkludert i leigeforpliktinga	-	1 234

Netto kontantstraum ut av konsernet knytt til leigeavtalar i fjerde kvartal 2020 var på NOK 16,25 millionar.

KONSERNET SINE LEIGEAVTALAR OG KORLEIS DESSE VERT REKNEKAPSFØRT

Fjord1 ASA sine avtalar består av bygningar, køyretøy og skip brukt i dei operasjonelle aktivitetane og kontormaskiner. Køyretøya har vanlegvis ein leigeperiode på 5 år, mens fleire av bygningane har ei lenger tidsramme. Kontormaskiner er leigde i ein periode på 3-5 år. Nokre av bygningane konsernet leiger har opsjonar og desse er tatt med i betraktningane.

Kontraktane kan innehalde både leige og ikkje-leige komponentar. Konsernet allokterer vederlaget i kontrakt mellom leige og ikkje-leige komponentane basert på deira relative frittstående prisar. Dette er med unntak av leige av fast eigedom der konsernet er leigetakar. Her har konsernet valt å ikkje skilje mellom leige og ikkje-leige komponentar og heller innrekne dette som ein einskild leigekomponent. Leigevilkår er framforhandla på ein individuell basis med eit bredt spekter av ulike vilkår. Leigeavtalane har ikkje nokon finansielle føresetnader anna enn innskotet som er gjort til utleigar i samband med leiga. Leigde eigedelar kan ikkje nyttast som pant/sikkerheit for låneformål.

Eigedelar og forplikningar som kjem frå leigeavtalar vert opphaveleg målt til noverdi. Leigeforplikningar inkluderer noverdien av følgjande leigebetalingar:

- faste betalingar (inkludert i-substans faste betalingar), med fråtrekk av eventuelle rabattar o.l.
- variable leigebetalingar som er baserte på ein indeks eller rate, opphaveleg malt hjå bruk av indeksen eller rata på byrjingstidspunktet
- beløp som forventast å verte betalt av konsernet knytt til restverdigarantiar
- innløysingspris for ein kjøpsopsjon dersom konsernet er rimeleg sikker på å utøve denne opsjonen, og
- betaling av gebyr for oppseiing av leigeavtalar, om leigevilkåra speglar at konsernet vil utøve denne opsjonen

Konsernet kjem fram til den inkrementelle lånerenta på følgjande måte:

- Der det er mogeleg nyttar ein nyleg tredjepartsfinansiering mottatt av den individuelle leigetakaren som eit startpunkt, justert for endringar i finansieringsvilkår i perioden etter at tredjepartsfinansiering vart inngått
- brukar ein oppbyggingsmetode som startar med ein risikofri rente justert for kredittisiko for leigekontraktar i Fjord1 ASA, som ikkje har nyleg tredjepartsfinansiering, og
- gjer spesifikke justeringar for den enkelte leigekontrakt, til dømes vilkår, land, valuta og sikkerheit.

Konsernet er eksponert for ei framtidig auke i variable leigebetalingar basert på indeks eller valutakurs, som ikkje er inkludert i leigeavtala før dei trer i kraft. Når justeringane av leigebetalingar basert på ein indeks eller rente trer i kraft, reviderast leigeforpliktelsen og justerast mot bruksretten. Leigebetalingar fordelast mellom hovudstol og finanskostnad. Finansieringskostnaden belastast resultatet over leigekontrakten si tidsramme for å gje ei konstant periodisk rente på den attverande saldoen for forplikninga for kvar periode.

Bruksrettar vert målt til ein kostpris som består av følgjande:

- beløpet ved opphaveleg måling av leigeforplikninga
- eventuelle leigebetalingar gjort på eller før tidspunkt for oppstart, med fråtrekk for rabattar og liknande
- eventuelle opphavelege direkte kostnader
- kostnader knytt til restaurering.

Bruksrettar vert generelt avskrivne lineært over den kortaste tida av eigedelen si brukstid og leigekontrakt. Dersom konsernet er rimeleg sikre på å utøve ein kjøpsopsjon, vert bruksretten avskreven over den underliggende eigedelen si brukstid. Sjølv om konsernet gjer revalueringar av eigedomar o.l. som er presentert som eigedom, anlegg og utstyr har ein vald å ikkje gjere det same for bruksrettane til konsernet.

Betalingar knytt til kortsiktige leigeforplikningar av utstyr og køyretøy og alle leigeavtalar av eigedelar med låg verdi vert innrekna lineært som ein kostnad i resultatrekneskapen. Kortsiktige leigeavtalar er leigeavtalar med ein leigeperiode på 12 månadar eller lågare. Eigedelar med låg verdi består av IT-utstyr og mindre kontormøblar.

VARIABLE LEIGEBETALINGAR

Konsernet si portefølje av leigeavtalar består hovudsakleg av leige av fartøy, eigedom og køyretøy og desse kontraktane inkluderer generelt ikkje variable leigebetalingar.

UTVIDING OG OPPSEIING AV OPSJONAR

Utviding og oppseiing av opsjonar er inkludert i ei rekke av leigekontraktane av eigedom og utstyr i konsernet. Desse er brukt for å maksimere den operasjonelle fleksibiliteten med tanke på å handtere eigedelane som brukast i konsernet sine operasjonelle aktivitetar. Majoriteten av moglegheitene for utviding og oppseiing er berre mogeleg for konsernet å utøve og ikkje av utleigar.

RESTVERDIAR OG GARANTJAR

For å optimalisere leigekostnadane i kontraktperioden nyttar konsernet enkelte gongar restverdigarantiar for leige av utstyr.

NOTE 14 **INVESTERINGAR I ANDRE VERKSEMDER**

THE FJORDS DA

Det vart gjennomført ei kapitalauke i den felleskontrollerte verksemda i mai 2020 der Fjord1 ASA betalte inn NOK 5 millionar tilsvarande konsernet sin del av investeringa i selskapet på 50 %. Ei ny kapitalauke på NOK 5 millionar tilsvarande Fjord1 ASA sin del vart gjennomført i juli 2020.

FJORD TOURS GROUP AS

Fjord Tours Group AS (tidlegare Vy Fjord1 Reiseliv AS) er innrekna som ei felleskontrollert verksemd og er eigd 50% av Fjord1 ASA. Fjord Tours driver verksemd innanfor reiseliv, med fokus på kollektivbaserte rundreiser og ein kundebase som historisk i all hovudsak har vore internasjonal. Det forventast difor at effektane av covid-19-pandemien vil ha ein betydeleg påverknad på selskapet si inntening frå 2020 og i ein periode fram til marknaden har normalisert seg. Som eit resultat av dette er det gjort ei nedskrivingsvurdering i samband med utarbeidinga av tertial-rekneskapen.

Vurderinga er gjort på grunnlag av ei «base case» prognose for åra framover og reflekterer både noverande situasjon og forventningar om framtidig normalisering av marknaden og kontantstraumar. Selskapet har brukt ein vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad («WACC») på 12,1% og i berekningane som er gjort fører det til ei nedskrivning av investeringa på NOK 20 millionar (Fjord1 ASA sin del). Dersom WACC hadde auka med 0,5% ville nedskrivninga auka med NOK 5 millionar, mens ein reduksjon på 0,5% ville ført til ei redusert nedskrivning på NOK 5 millionar. Dette er gitt at dei andre forutsetningane i berekninga er haldt uendra.

NOTE 15 AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

Største aksjonærer per 31.12.2020:

Aksjonær	Tal på aksjar	Stemme- rett	Pålydande per aksje	Sum pålydande per aksje
HAVILAFJORD AS	55 476 516	55,5 %	2,50	138 691 290
HAVILAFJORD HOLDING 2 AS	18 459 849	18,5 %	2,50	46 149 623
HAVILAFJORD HOLDING AS	11 023 484	11,0 %	2,50	27 558 710
Citibank, N.A.	3 850 000	3,9 %	2,50	9 625 000
DZ PRIVATBANK S.A.	3 131 680	3,1 %	2,50	7 829 200
CLEARSTREAM BANKING S.A.	1 195 989	1,2 %	2,50	2 989 973
Brown Brothers Harriman & Co.	1 068 326	1,1 %	2,50	2 670 815
Pictet & Cie (Europe) S.A.	650 000	0,7 %	2,50	1 625 000
Skandinaviska Enskilda Banken AB	472 264	0,5 %	2,50	1 180 660
Citibank, N.A.	410 051	0,4 %	2,50	1 025 128
GH HOLDING AS	354 020	0,4 %	2,50	885 050
HVALSUND MILJØLANDBRUK AS	289 218	0,3 %	2,50	723 045
The Bank of New York Mellon	215 000	0,2 %	2,50	537 500
Euroclear Bank S.A./N.V.	200 000	0,2 %	2,50	500 000
VERDIPAPIRFONDET STOREBRAND	174 318	0,2 %	2,50	435 795
Banque de Luxembourg S.A.	174 200	0,2 %	2,50	435 500
Bank Julius Bär & Co. AG	160 090	0,2 %	2,50	400 225
VERDIPAPIRFONDET KLP AKSJENORGE IN	141 515	0,1 %	2,50	353 788
SIX SIS AG	121 812	0,1 %	2,50	304 530
FJORD1 ASA	90 402	0,1 %	2,50	226 005
Sum 20 største aksjonærer	97 658 734	97,7 %	2,50	244 146 835
Øvrige	2 341 266	2,3 %	2,50	5 853 165
Sum aksjar	100 000 000	100,0 %	2,50	250 000 000

NOTE 16 HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Konsernet har inngått ei bareboat-kontrakt med Elbferry GmbH & Co.KG for fartøyet MF «Fanafjord» med ei lengde på 18 månadar som starta 01.02.2021. Avtalen inkluderer opsjonar både for forlenging av leigeperioden og kjøp av fartøyet.

Vidare vart Fjord1 ASA innstilt som vinnar av kontrakt for drift av dei to sambanda Bognes – Skarberget og Drag – Kjøpsvik i Nordland den 12.02.2021. Kontraktlengda er frå 01.12.2022 – 30.11.2032 med opsjon for forlenging av kontrakt på 18 månadar.